



HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG KRENKING

Revidert juni 2018

Med oppdatering etter ny 9A av 1.08.2017

Alle born har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse og trivsel. Alle tilsette på skulen og i SFO har ansvar for dette.

§ 9 A – 4: Aktivitetsplikta. Alle som arbeider på skulen skal fylgja med, gripa inn og varsla rektor.

§ 9 A – 5: Skjerpa aktivitetsplikt. Alle som arbeider på skulen har ei skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenkar, mobbar, trakasserer, diskriminiserer eller utøver vald mot elevar. Dersom tilsette krenkar elevar, skal rektor varsla skuleeigar.

KVA ER MOBBING?

Professor Dan Olweus ved Universitetet i Bergen definerer mobbing slik:

Mobbing er når eit eller fleire individ over tid blir utsette for negative handlingar frå eit eller fleire andre individ.

Med mobbing meiner ein både fysisk og psykisk vald, også utestenging.

Merk at spontane konflikter eller enkelthendingar mellom elevar ikkje er mobbing.

Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er mobbing. Gjenteke erting og plaging der det er ubalanse i styrkeforhold er mobbing. Vondsinna handlingar som gjentek seg mot same individ er mobbing.

Krenkjande ord og handlingar: Det er eleven si oppfatning som må leggjast til grunn for alvoret i slike situasjonar.

Krenkjande ord: Diskriminerande og nedlatande utsegner mot grupper eller einskildindivid må takast på alvor. Dette gjeld rasistiske utsegner, seksuelt negative utsegner, nedlatande kroppslige utsegner, negative utsegner knytte til tru, kjønn og funksjonsdyktigheit.

Krenkjande handlingar: Hendingar av fysisk eller psykisk karakter som gjentek seg der ein av partane er fysisk eller psykisk underlegen og ikkje har starta hendinga, er mobbing. Tilskodarar som oppmodar til krenkjande handlingar, og tilskodarar som ikkje grip inn, er med på å mobba.

Blikk-kasting, å flira bak ryggen på einskildelevar, himla med augo, trekkja på skuldrene og liknande åtferd, skal ikkje akseptast. Dette er førebyggjande tiltak. Utestenging er ei krenkjande handling.



Skjerpa aktivitetsplikt: Denne gjeld alle avsnitta over om ein tilsett krenkar, mobbar, trakasserer, diskriminiserer eller utøver vald mot elevar.

FØREBYGGJANDE TILTAK:

1. Stopp all småplaging, erting, negative kommentarar, krenkjande ord og handlingar. Gje beskjed om at det ikkje vert akseptert. Dersom nokon seier: «Det er berre moro», skal du seia: «Det ser ikkje moro ut for alle. Finn andre måtar å ha det moro på». Ikkje spør den som vert plaga / erta om han / ho tykkjer det er o.k.
2. Klassemiljøarbeid og skulemiljøarbeid:
Zippy`s venner på 1. – 4. steg.
Psykologisk verktøykasse for heile skulen.
Ordensreglar for skulen og klassereglar med konsekvensar.
Ulike program for sosial samhandling knytte opp til fag.
Iktplan.no med tema «Digital mobbing».
Trivselsleiarprogrammet.
Spekter.

TILTAK FOR Å OPPDAGA MOBBING

1. Forsking viser at elevar som blir mobba ofte trur at læraren veit om det. Dersom ingenting blir gjort, trur eleven gjerne at læraren ikkje bryr seg. Det er difor viktig at me tek dei signal me får på alvor, at me legg merke til om ein elev endrar åtferd, verkar ukonsentrert, redd eller går mykje åleine. Ein kan til dømes velja isolasjon framfor å bli plaga.
2. Be alle elevar seia i frå dersom dei sjølve eller andre blir erta eller plaga over tid.
3. Ikkje-anonym spørjegransking i alle klassar. Spekter. Individuell samtale med kvar elev på 1. og 2. steg. Skriftleg med 3. – 6. steg. To gonger i året, oktober og mars. Ved behov, fleire gonger. Oppfølging med elevsamtalar.
4. Elevsamtalar.

OM DET BLIR OPPDAGA AT EIN ELEV IKKJE HAR DET TRYGT OG GODT PÅ SKULEN

Om det blir oppdaga at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det straks lagast aktivitetsplan der dei fem delpliktene skal fylgjast opp.

1. Plikt til å fylgja med
2. Plikt til å gripa inn
3. Plikt til å varsla
4. Plikt til å undersøkjja



5. Plikt til å iverksetja tiltak og evaluera